

Fra: Hans Gunnar Hagelin [<mailto:hans@hagelin.no>]

Sendt: måndag 13. november 2017 21:52

Til: Jenny Ellaug Følling <jenny.folling@sfj.no>; Åshild Johanne Høivik Kjelsnes <Ashild.Kjelsnes@sfj.no>; Sigurd Erlend Reksnes <Sigurd.Erlend.Reksnes@sfj.no>; Aleksander Øren Heen <Aleksander.Heen@sfj.no>; Karen Marie Hjelmeseter <Karen.Marie.Hjelmeseter@sfj.no>; Gunn Åmdal Mongstad <Gunn.Amdal.Mongstad@sfj.no>; Anders Ryssdal <Anders.Ryssdal@sfj.no>; Arnstein Menes <Arnstein.Menes@sfj.no>; Ole Johnny Stubhaug <Ole.Johnny.Stubhaug@sfj.no>; Gunn Karin Sande <Gunn.Karin.Sande@sfj.no>; Erlend Haugen Herstad <Erlend.Haugen.Herstad@sfj.no>; Hilmar Høl <Hilmar.Hol@sfj.no>; Helen Hjertaas <Helen.Hjertaas@sfj.no>; Torbjørn Vereide <Torbjorn.Vereide@sfj.no>; Harald Bjarthe Reite <Harald.Bjarthe.Reite@sfj.no>; Karianne Alette Torvanger <Karianne.Alette.Torvanger@sfj.no>; Henrik Oppen <Henrik.Oppen@sfj.no>; Odd Atle Stegegjerdet <Odd.Atle.Stegegjerdet@sfj.no>; Senea Sabanovic <Senea.Sabanovic@sfj.no>; Noralv Distad <Noralv.Distad@sfj.no>; Sonja Merethe Øvre-Flo <Sonja.Merethe.Ovre-Flo@sfj.no>; Bjørn Erik Hollevik <Bjorn.Erik.Hollevik@sfj.no>; Anne Kristin Lilleaasen <Anne.Kristin.Lilleaasen@sfj.no>; Trude Brosvik <Trude.Brosvik@sfj.no>; Jon Olav Kvamme <Jon.Olav.Kvamme@sfj.no>; Gunhild Alis Berge Stang <Gunhild.Berge.Stang@sfj.no>; Alfred Jens Bjørlo <Alfred.Jens.Bjorlo@sfj.no>; Frank Willy Pedersen Djuvik <Frank.Willy.Pedersen.Djuvik@sfj.no>; Marita Gunn Aarvik <Marita.Gunn.Aarvik@sfj.no>; Jakob Andre Sandal <Jakob.Andre.Sandal@sfj.no>; Stein Faleide Malkenes <Stein.Malkenes@sfj.no>; Bente S <s_bente@hotmail.com>; erik.hoem@difi.no; sindre.ramung@gmail.com; Ann Kristin Sperle <anki@jostedal.no>; Jarle Aarvoll <jarle.aarvoll@sogndal.kommune.no>; kjetil@kpsf.no; Laura Kvamme <laurakv@online.no>; bjartest@gmail.com; minpost@mac.com; ritanavarsete@gmail.com; sognmc@online.no; christen@knagenhjelms.org; ein-vat@hotmail.no

Kopi: johannes.tubbene@vegvesen.no; SOGNDALKLATREKLUBB@gmail.com; sogndal@sogndal.fhs.no; lurkarlaget@lurkarlaget.no; Catherine Stigen Bøen <catherine.stigen.boen@ssf.no>; ingolfy@hotmail.com; Oddrun Midtbø <oddrun@oddrun.com>

Emne: Innspel til prioriteringar av gang- og sykkelstiar i Sogn og Fjordane

E-posten er sendt til medlemmane i fylkestinget og enkelte politikarar i Sogndal, Luster og Leikanger. Statens Vegvesen, Sogndal klatreklubb, Sogndal Folkehøgskule og Lurkarlaget får kopi.

Me ønskjer at strekninga Nestangen – Kvam blir løfta opp på prioriteringslista, delt opp i mindre utbyggingar for at den verste strekninga skal bli raskast mogeleg utbygd med gang- og sykkelsti.

Me ber om at momenta under blir tekne med i det vidare plan- og prioriteringsarbeidet.

Utdrag henta frå notatet ”Kartlegging av gang- og sykkelveg i Sogn og Fjordane”, utheva skrift:

1. ”Årsdøgnetrafikken (ÅDT) på fv. 55 langs Barsnesfjorden er 2700.”

Strekninga hamnar dermed på topp på denne statistikken; mest trafikkert. I næraste framtid er det planlagt rundt 130 nye bueiningar på Hafslø/Luster (Detaljreguleringsplan for Botn, Hafslø – PlanID: 1426 - 2016004) Med eit snitt på to personar per bueining, der mange av desse vil ha arbeidsplassen i Sogndal/Leikanger og i tillegg Sogndal som skulesentrum, er det grunn til å tru at det vert vesentleg auke i trafikken i tida som kjem.

2. ”Fartsgrensa er 60 og 80 km/t.”

Dette harmonerer ikkje med målet om trygg skuleveg. Om eit par år vil det vere fem-seks førsteklassingar på denne strekninga. I følgje Nasjonal transportplan skal minst 80% av alle skuleborn ha moglegheit til å sykle til skulen. I regional transportplan bør difor denne vegen

prioriterast med til dømes gang- og sykkelveg i 80-sone og støtte til å endre til 50-sone der det i dag er 60-sone. Dette vil løyse store trafikale problem mellom Nestangen og Kvamsviki

3. *"Ved Kvam ligg det eit klatrefelt som er mykje nytta av studentar i Sogndal. Det kan vurderast om gs-veg bør byggast heile vegen inn Nagløyri/Årøy. Det gir sykkelveg til eit flott turområde."*

Det er mange grupper som bruker vegstrekninga aktivt; joggarar, syklistar, rulleski. Gang- og sykkelveg på denne vegstrekninga vil gjere det mykje lettare for også andre grupper å kome seg ut; eldre, rullestolbrukarar, foreldre med barnvogner. Gevinsten for helse og trivsel vil vere stor. I området som vert gjort tilgjengeleg med gang- og sykkelvegen til Kvam er det fleire turmål i kulturlandskap. Fleire stader er det mogeleg å gå på grus og skogsbilvegar med to barnevogner i breidda. Det er fleire områder som eignar seg til uflukter for barn.

I tillegg vil me peike på desse momenta:

- **Ingen alternativ:** Det er ingen alternative private gangvegar eller stiar på denne rette strekninga i 80-sona.
- **Dødsulukker:** Ulukker på strekninga. Det har vore fleire alvorlege ulukker på strekninga; både dødsulukker, ulukke som har ført til store skader og ikkje minst mange uregistrerte nesten-ulukker – kvart år.
- **Økonomi:** I planen opererer de med at det vil koste rundt 56 millionar kroner å bygge ut strekninga Nestangen – Kvamsviki. Etter våre ønskje om å ta den verste strekninga inn til 60-sona i første byggetrinn, 1,6 kilometer, vil det kanskje vere meir enn ei halvering av denne summen. Etersom det ikkje involverer bustadområde eller vanskelege grunnforhold.
- **Grunnforholda er kartlagt:** Grunnforholda i dette området vart registrert i 1981/1982. Det er dokument Statens Vegvesen har.
- **Kople opp mot Fjordstien:** Utbygging av denne strekninga og med kopling opp mot Fjordstien, vil auke bruks- og nytteverdien av Fjordstien.
- **Rett strekning:** Strekninga er ein av dei få strekningane i regionen som er rett, liten høgdeskilnad og utan rasfare; eit område som vil føre til mykje meir aktivitet for ulike grupper.

Håper de med dette innspelet ser verdien av å løfte opp dette prosjektet, og at ei mindre utbygging er betre enn ein plan som er for stor til å bli realisert.

Ta kontakt med Hans Gunnar Hagelin (971 93 135) om de treng meir informasjon.

Med venleg helsing

Aksjonsgruppa for gang og sykkelsti Sogndal – Årøy

Cathrine Stigen Bøen, Jim Flåten, Hans Gunnar Hagelin, Oddrun Midtbø og Ingolf Yttri.

Referansar: To dokument etter grunnundersøkingar som vart gjort i dette området i 1981 for Sogn og Fjordane Vegkontor: "Sd 81-2, Riksveg 55 Årøy- Sogndal, Grunnundersøking for setningar ved profil 1195 og 1240" og "Sd 81 Marifjøra -

Sogndal, Parsell Årøy - Sogndal, Grunnundersøking profil 1500 - 1800". Kan ettersendast ved ønskje.

<http://www.sfj.no/getfile.php/3843909.2344.rwbsqvrycc/Pkt.+4.1.3+G%C3%A5-+og+sykkelstrategi+%28003%29.pdf>

<http://www.sfj.no/gang-og-sykkelveg.408961.nn.html>

<http://www.luster.kommune.no/vedteken-reguleringsplan-for-botn-hafslo-planid-1426-2016004.6050434-157426.html>

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-33-20162017/id2546287/>

--

Venleg Helsing
Hans Gunnar Hagelin

tlf: 97193135

e-post: hans@hagelin.no

<http://www.hagelin.no>

<http://www.dyreklubbenisogndal.no>